

Vibeke Saugestad

10. november 2007 · Haavebua



07-Kommer-Saugestad

Frå arkivet

Haavebua Lørdag, 10. november 2007

Vibeke Saugestad spelar på Haavebua 10. november!

Etter å gjeve ut soloplate nummer tre, The World Famous Hat Trick, 27. august legg ho ut på turne. Og dei som enno har hennar opptreden på Kystfestivalen 2004 friskt i minne veit at her er det berre å glede seg. Maken til energieksplosjon skal ein leite lenge etter!

I motsetning til dei to førre gongane ho spelte her i Florø, høvesvis med Twistaroos og The Yum Yums, så blir det denne gongen fullt fokus på Vibeke og hennar 3 glimrande soloplatar.

Og om du lurar på kva Vibeke tykkjer om Florø sjekk ut dette lydklippet frå Reiseradioen:

FLORØ: Eit heftig powerpopsjokk treffe 150 betalande i Haavebua laurdag. Og rockedronninga Vibeke Saugestad skuffa ikkje på heimebane.

INTENS: Eg merker eg skulle gått meir på treningssenteret, men det blir for kjedeleg, sa Vibeke Saugestad som gav alt frå scena laurdag.

Firdaposten, tirsdag 13. november 2007 av: Dag Frøyen, Ho fortalde i forkant av konserten at av alle spelestader var Haavebua i Florø favoritten, og ho tok styring i eige hus. Hei-hei, dere veit åssen dette fungerer, dere har rocka før! kom det frå Vibeke Saugestad då golvet var tomt i opninga. Ho henta folk frå krokane til scenekanten, og der skulle dei bli.

Konserten opna med den fantastiske «Meant to be with you» frå det siste albumet og fengsla alle som ikkje var sikre på kva dei gjekk til. For dette var eit prakteksempel på at musikkopplevingar ute har langt fleire fasettar enn det eit opptak vil kunne gi deg. Saugestad gav alt i den rå «jolly-rocken» frå dei tre albuma sine, og både stemninga og rockedronninga sjølv hang opp under bjelkane i taket. Med eit scenetekke få kan kopiere, og med den mest rå altstemma i landet, gav ho oss ei stor og intens konsertoppleving. Einaste aberet var at settet var i kortaste laget. Joan Jett- slageren «I love rock n roll» var ekstranummeret som avslutta fyrverkeriet før ho annonserte at festen skulle halde fram i Kinnkjellaren. Og kva som der skjedde, seier soga ingenting om Rockeklubben skal uansett ha ros for at dei tenker langsiktig og er på lag med artistane. Vibeke Saugestad vart booka på bakgrunn av det ho leverte sist, og etter denne kvelden blir det ikkje siste gong ho er på heimebane i Florø. Og om du lurar på kva Vibeke tykkjer om Florø sjekk ut dette lydklippet frå Reiseradioen:

2007

10. NOVEMBER

HAAVEBUA



07-FP-Saugestad



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Samansett av fleire originale artiklar. Kjelde-ID: 112, 130.